

Forslag til endringar i kursiv

FOR 1988-12-01 nr 996: Forskrift om tilskot til livssynssamfunn.

Forskrift om tilskot til livssynssamfunn.

Fastsett av Justis- og politidepartementet 1. desember 1988 med heimel i lov av 12. juni 1981 nr. 64 §§ 4 og 5, jfr. Kronprins reg. res. av 14. mai 1982 nr. 794. Overført Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet ved res. 19 des 1997. Overført Kultur- og kyrkjedepartementet ved kg. res. 21 des 2001.

I.

Vilkår for tilskot

§ 1. Livssynssamfunn med meir enn 500 medlemmer med rett til tilskot, jfr. § 5 i lova, kan krevje årleg tilskot frå statskassa. Tilskotet vert rekna ut frå talet på slike medlemmer pr. 1. januar i det året det vert gjeve tilskot for.

Livssynssamfunn som får tilskot etter første leden kan krevje kommunalt tilskot for dei medlemene med rett til tilskot som bur i kommunen.

Bruksføremål og rekneskap

§ 2. Stats- og kommunaltilskot skal nyttast til føremål som går inn under virket som livssynssamfunn. For mottekne tilskot skal livssynssamfunnet føre eigen rekneskap som viser kva pengane er nytte til. *Registrert eller statsautorisert revisor skal attestere utskrift av rekneskapen når statstilskotet er på meir enn kr 100 000. Frist for å senda inn rekneskapet er 1. mars etter utgangen av rekneskapsåret.*

Statstilskot

§ 3. Søknad om statstilskot skal sendast for eitt år om gongen til fylkesmannen. Søknad skal vere skriftleg og vere send inn føre 1. mars i det året det vert søkt om tilskot for. *Livssynssamfunnet skal senda inn søknaden i to eksemplalarar.*

Livssynssamfunnet skal leggja ved ei digital leseleg oversikt over fødselsnummer til alle medlemene det søker om tilskot for. Kultur- og kyrkjedepartementet fastset nærare spesifikasjonar om den digitale oversikten.

Fylkesmannen sendar den digitale leselege oversikten til Brønnøysundregistra. Brønnøysundregistra jamfører oversikten med Det sentrale folkeregistret, oversikter frå dei andre trudoms- og livssynssamfunna og Den norske kyrkja.

Dersom ein person er ført opp som medlem i fleire trudoms- eller livssynssamfunn, medrekna Den norske kyrkja, skal ikkje samfunnet få tilskot for denne personen.

Når Brønnøysundregistra og fylkesmannen har gjennomført den årlege kontrollen, skal dei fysisk slette alle oversikter som inneheldt fødselsnummer. Dei skal òg stadfeste slettinga skriftleg overfor Kultur- og kyrkjedepartementet.

§ 4. Første søknaden skal dessutan gi opplysningar om:

- a) det livssynet samfunnet byggjer på
- b) organisasjonen, virke og utbreiing av samfunnet
- c) korleis medlemsregisteret blir ført
- d) *organisasjonsnummer*

§ 5. Dersom det er naudsynleg kan fylkesmannen be om fleire opplysningar eller attestasjonar av opplysningar.

§ 6. Kultur- og kyrkjedepartementet fastset sats for utrekninga av statstilskot med grunnlag i dei årlege budsjetterte utlegg til Den norske kyrkja. Frå summen vert trekt utlegg som er sams for alle innbyggjarane i riket og som ikkje er utlegg til eigentlege kyrkjelege føremål (medrekna utlegg til alminnelege kulturføremål). Det netto utlegget som kjem fram vert delt med talet på medlemene i Den norske kyrkja. Dette gir eit utlegg pr. statskyrkjemedlem.

Kultur- og kyrkjedepartementet vil kvart år i rundskriv til fylkesmannen gi melding om den satsen som skal nyttast ved utrekninga av statstilskotet til livssynssamfunn.

Samstundes vil ein greie ut om korleis satsen er rekna ut.

§ 7. Fylkesmannen tilviser statstilskot til utbetaling.

Kommunalt tilskot

§ 8. *Livssynssamfunn som får statleg tilskot, vil få kommunalt tilskot for frå dei kommunane der det bur medlemmer. Brønnøysundregistra skal sende kvar einskild kommune oversikt over talet på medlemmer som skal ha tilskot i den respektive kommunen.*

§ 9. Det kommunale tilskotet vert rekna ut av kvar kommune med grunnlag i dei årlege budsjetterte kommunale utlegg til Den norske kyrkja, delt på kvart statskyrkjemedlem som bur i kommunen. Ved utrekninga av dei årlege utgifter skal inntekter som gjeld dei budsjetterte utlegg trekkjast fra, t.d. husleige frå prestar, refusjon for skyssutlegg og renter av kyrkjefond. I utleggsutrekninga vert det ikkje tatt med utlegg som er sams for alle innbyggjarane i kommunen og som ikkje er utlegg til eigentlege kyrkjelege føremål (medrekna m.a. utlegg til alminnelege kulturføremål, til kyrkjegardar, krematorier og gravkapell, og til sosialt hjelpearbeid). *Utgifter til vedlikehald av antikvariske bygningar (før 1850) skal ikkje takast med i grunnlaget for berekninga.*

Klage over fastsetjinga av kommunalt tilskot går til fylkesmannen.

II

Føresegna gjeld frå 1. januar 1989. Samstundes vert tidlegare føresegner av 14. mai 1982 nr. 945 oppheva.